



Bingoentreprenørar

## Dispensasjon frå forskrift om bingo

Lotteritilsynet viser til henvendingar frå fleire bingoentreprenørar om dispensasjonar frå forskrift om bingo i samband med utfordringar knytt til stenging av bingohallar som følge av koronaviruset. Vi viser og til tidlegare dispensasjonar datert 16.03.20 og 27.03.20.

Det blir særleg vist til regelverksutfordringar knytt til bruk av nettspel, og overskotsutbetaling til formål for første kvartal 2020.

Lotteritilsynet har i forskrift om bingo § 34 ein heimel til å kunne «dispensere fra bestemmelsene i denne forskrift». I praksis har det blitt krevd tungtvegande grunnar for at Lotteritilsynet skal gjere dette.

Lotteritilsynet har på bakgrunn av situasjonen vi står oppe i bestemt å gje følgande dispensasjonar frå forskrift om bingo til dei aktørar som stenger sine bingohallar.

- § 4a), 1 ledd «Den enkelte bingo hall kan formidle hovedspillet i bingo hallen til spillere på internett»

Det er et krav i dag om at hovudspel må spelast i bingolokalet samtidig med at det spelast på nett. Lotteritilsynet gir midlertidig dispensasjon frå kravet om at hovudspel også må skje i bingo hall for å kunne spelast på nett. Det betyr at ein kan spele hovudspel på internett, sjølv om ein ikkje har det oppe i bingo hallen.

Opningstider for bingospelet på nett kan vere frå kl 10 i formiddagen til kl 22 om kvelden. Hovudspelet som brukast, skal ha opplesing av tala som blir trekt, det betyr at det ikkje kan spelast på meir enn eit hovudspel samtidig.

- § 4a), 3 ledd, 1 pkt «Den enkelte spiller må registrere seg ved personlig oppmøte i den hallen der vedkommende ønsker å delta i hovedspillet»

Lotteritilsynet gir også midlertidig dispensasjon frå kravet om personleg oppmøte. Nye spelarar må registrere seg online ved hjelp av Bank Id for å kunne bli kunde.

*Lotteritilsynet presiserar at alle nye spelarar som ikkje har registrert seg i ved fysisk oppmøte i bingo hall, må gjere det når bingo hallane opnar igjen. Dersom dei ikkje gjer det skal dei slettast som nettspelkunde.*



Vår dato  
13.04.2020

Vår referanse  
20/02610-18/534

I medhold av lotterilova § 13. 1 ledd, set Lotteritilsynet følgjande vilkår til marknadsføringa av spela for å fortsatt kunne gi dispensasjon:

1. Det skal ikkje marknadsførast direkte mot enkeltpersonar, til dømes gjennom tekstmeldingar, e-post eller ulike formar for verving.
2. Det er ikkje tillat å nytte nokon form for bonusar som ledd i marknadsføring av online spela.

Dispensasjonane ovanfor blir gitt foreløpig fram til og med 27. april.

Lotteritilsynet vil vurdere forlenging fortløpande basert på situasjonen rundt koronaviruset og dei råd og anbefalingar som elles gjeld i samfunnet.

Nye aktørar som ikkje har hatt nettspel tidlegare, må foreta ei risikovurdering av dette før dei startar opp, jf. kvitvaskingsregelverket.

Når det gjelder kravet i § 4a), 5 ledd «Omsetning i hovedspill på internett skal ikke regnes med i omsetningsgrunnlaget etter § 15, 2 ledd og § 15, 5 ledd, og må regnskapsføres særskilt», så vil Lotteritilsynet komme tilbake med en vurdering av dette. Vi ser imidlertid at fleire aktørar kan få problem med å nå omsetningsgrensa for å kunne ha databingo dersom hallene blir stengt over ein lengre periode.

Kravet om utbetaling til formål innan to veker etter første kvartal (dvs frist 14 april) jf forskrifta § 20, 3 ledd, vil bli utsett. Lengda på utsetjinga vil vi kome tilbake til når vi ser kor langvarig stenging av bingohallar blir.

Med helsing

Henrik Nordal  
avdelingsdirektør

Tore Bell  
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og blir sendt uten signatur.

Kopi: kulturdepartementet